



Uthella Beitelag Sa
Nesttunbrekka 44C
5221 NESTTUN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8208 - 22/87199

Saksbehandlar:
Roba Alserhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
15.11.2022

Fritak frå kravet om gjødselplan GBNR 432/1-12

Administrativt vedtak: Saknr: 1287/22

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 01.12.2027 for Gbnr 432/1-12, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld :

Uthella Beitelag Sa har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 432/1-12. Drifta er 74 vinterfora sauer. Søkjer disponerer 4 daa overflatedyrka , 2 daa fulldyrka og 125 daa innmarksbeiteareal. Driftsformen er utgangardrift.

Det er ikkje oppsamling av husdyrgjødsel då dyra går ute heile året. Søkjeren brukar lite Kunstgjødsel. Kun 150 kg på deler av innmarksbeite.
GDE =0

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstentivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.
Bruket ligg langt under 50 % av normgjødsling. Bruket har få gjødseldyreiningar (GDE)og har mykje areal i høve til dyretalet.
Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/8208 »

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Alserhan
Rådgevar Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Uthella Beitelag Sa

Nesttunbrekka 44C

5221

NESTTUN